



Blid gjeng: Øystein Rugtveit (t.v.), Elin Heftøy, Monique Prinsen, Renate Wingereid, Rigmor Elisabeth Szabo, Hilde Storbukås, Leif-Helge Nyhus, Anne Marie Moland, Liv Jorunn Mofossbakke, Gøril Holte og Odd Anders Haugland står klare til å hjelpe drangedølar med rekneskap og bedriftsøkonomi. Foto: Else Børte

## Nå er det lange arbeidsdagar for denne gjengen

Dei tilsette i Vestmar regnskap er midt inne i ei svært travel tid. Med 450 kundar har dei god oversikt over korleis det står til i næringslivet i Drangedal.

[Else Børteelse@drangedalsposten.no](mailto:ElseBørteelse@drangedalsposten.no)

Publisert: 21.02.2024 05:00 Sist oppdatert: 09:26

Det er vel ingen andre som kjenner næringslivet i Drangedal betre enn Øystein, Odd Anders, Anne Marie, Liv Jorunn, Randi, Leif-Helge, Renate, Monique, Rigmor, Gøril, Hilde, Elin og Gunn Elin. Og Irina og Ekatarina som sit i Porsgrunn. Dei har nok å gjera for tida. Dei fleste av dei 450 kundane til Vestmar regnskap er innanfor Drangedals kommunegrenser.

– Me har 450 kundar fordelt på 17 tilsette. Me har svært mange kundar i Drangedal, men også i nabokommunane, seier Odd Anders Haugland, som har vore med sidan Vestmar regnskap blei etablert 22. desember 2000.

## Nå går det i momsoppgåver



Viser årshjulet: Odd Anders Haugland (t.v.) og Øystein Rugtveit forklarer korleis den årlege syklusen til rekneskapsbransjen fungerer. Foto: Else Børte

Haugland, som er statsautorisert revisor og rekneskapsfører, var med å stifte Vestmar regnskap. Det fyrste året var det seks tilsette i det som nå er ei av Drangedals største bedrifter. Drangedalsposten tok ein prat med Haugland og dagleg leiar Vestmar regnskap Øystein Rugtveit, rett før den travlaste tida i rekneskapsbransjen tok til.

– Nå går det i momsoppgåver. Dei skal vera ferdige 10. februar, 10. mars, 10. april, 10. juni, 31. august, 10. oktober og 10. desember kvart år, seier Øystein og teiknar og forklarar på ei tavle inne på kontoret sitt.

– Det er meir å gjera på våren med momsoppgåve for landbruket, i tillegg til årsoppgjer og skattemeldingar. Det er ganske mykje å gjera i vårhalvåret samanlikna med hausthalvåret. Våren er hektisk samanlikna med resten av året, legg Odd Anders til.

## – Du må takle stress

Øystein kom inn i Vestmar regnskap desember 2010. Han fortel at du må ha god struktur i arbeidsforma for å jobbe med rekneskap.

– Dessutan må du takle stress. Med stadig nye utfordringar som det ikkje står om i læreboka, så må du også vera ganske så løysingsorientert, skyt Odd Anders inn.

For å bli statsautorisert rekneskapsfører eller revisor må du nå ta femårig mastergradsutdanning.

– Me fører rekneskap for alt frå bønder til tømmerbilsjåførar, tannlegar og handverkarar. Mange her i Drangedal, men me har kundar i Oslo også,. Mellom anna IT-selskap. Mest av alt skal me vera eit rekneskapskontor for næringslivet i Drangedal, seier Øystein.

## Få inn bilag i tide

- Kva er dei største utfordringane i rekneskapsbransjen?
  - Det kan vera krevjande å få inn bilag i tide. Me har fristar me må halde, forklarar Øystein.
  - Moms og løn er komplisert og der er det lett å gjera feil om me ikkje har fått tilstrekkeleg med opplysningar frå dei me gjer oppgåvene for. Av og til kan også regelverket vera vanskeleg å tolke, legg Odd Anders til.
- Utanlandsk arbeidskraft kan også bli komplisert når rekneskapen skal bli ført. Odd Anders fortel at det er mykje dokumentasjon som må på plass, mellom anna D-nummer som utlendingar treng for å opne bankkonto her til lands.
- I 2022 strevde me også mykje med Skatteetatens nye portal for innsending av skattemelding, seier dei to.

## Ingen dag er lik

- Kva er det beste med jobben i Vestmar regnskap?
  - Du lærer noko nytt kvar dag. I tillegg har me hyggelege kundar. Sjølv om det er mykje å gjera, så har me det også fleksibelt med arbeidstida, seier Odd Anders.
  - Ingen dag er lik, sjølv om mange trur dette når det kjem til rekneskapsbransjen, smiler Øystein.
- Vestmar regnskap blir jo mange bedrifters forlenga arm som økonomiavdeling.
- Me samarbeider også med revisorar og advokatar utifrå om me hamnar i situasjonar der me treng bistand, seier Odd Anders.

## Meir bedriftsrådgeving



Godt humør: Det er alltid eit hyggeleg smil å spore blant dei tilsette i Vestmar regnskap. Det er Odd Anders Haugland (t.v.), Elin Heftøy og Leif-Helge Nyhus eit godt døme på. Foto: Else Børte

Basistenestene til Vestmar regnskap er rekneskap, løn, fakturering, skattemeldingar og årsoppgåver.

– Men det har også blitt meir og meir bedriftsrådgjeving. Om kunden kjem til oss og me ikkje kan hjelpe, så kan me knytte kontakt med advokatar og liknande. Dette har med å sjå våre eigne grenser for kva me kan gjera, men samtidig hjelpe kunden, seier Odd Anders.

Øystein fortel at arbeidsstaben i Drangedal er stabil og god, men at det kjem stadig inn nye tilsette også.

– Me er ein god gjeng nå.

## Har humoristisk sans

– Korleis er den gjengse rekneskapsfører?

– Rekneskapsførarane kan fort bli stigmatiserte som trauste og rake i ryggen, men me har humoristisk sans som alle andre, konkluderer Øystein med eit lurt blikk.

Han fortel også at det er ulike behov blant kundane.

– Nokon vil ha mykje oppfølging, andre vil ha minst mogleg, avsluttar han.